



## ÅRSMØTEPROTOKOLL 2021

Skype, 11. april 2021

Til stades:

Hyen Spelemannslag – Fredrik Hope

Indre Sunnfjord Spelemannslag – Leon Årdal

Dalsfjorden Spelemannslag – Peter Kåre Igelkjøn

Spelemannslaget Fjelljom – Arne Sølvberg

Spelemannslaget Fjelljom – Antonia Karete Haugen Kongsvik

Gaular Spelemannslag – Ole Magnus Mo

Naustedalen Spelemannslag – Signe Mehl

Naustedalen Spelemannslag – Rigmor Bjørkedal

Sogn spel- og dansarlag – Mari Skjerdal Lysne

Vindfylla Spelemannslag – Thomas Hals


Vindfylla Spelemannslag – Sølvi Erviksæter Sjøstad

Jostedal spel- og dansarlag – Audhild Molland

Styret: Knut David Hustveit, Marie Nicholaisen, Arne Fossøy, Jorunn Sollid, Berner Midthjell

Administrasjon: Dordi Boksasp Lerum

Observatør: Per Øyvind Tveiten - Hordaland Folkemusikklag, Einar Ese



Styreleiar Knut David Hustveit opna møtet.

Møtet vart sett 13:08 - Opprop

**1. Val av møteleiar:**

*Samrøystes vedtak: Knut David Hustveit*

**2. Val av referent:**

*Samrøystes vedtak: Dordi Boksasp Lerum*

**3. Val av to til å skrive under protokoll:**

*Samrøystes vedtak: Fredrik Hope og Thomas Hals.*

**4. Godkjenning av innkalling**

Thomas Hals – Hadde vore ynskjeleg å ha møtet på eit anna tidspunkt, og lurar på om det er skikk for å ha det på dette tidspunktet?

Knut David Hustveit svarar at det har vore brukeleg å ha fylkesårsmøtet på sundag etter fylkeskappleiken.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner innkallinga*

**5. Godkjenning av sakliste**

Styreleiar Knut David Hustveit orsakar for nokre feile årstal i saklista som var med innkallinga.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner saklista*



## 6. Årsmelding 2020

Knut David Hustveit beklagar for at det står feil årstal på saka i innkallinga.

Signe Mehl seier ho har rett årstal.

Dordi Boksasp Lerum seier at årstala er retta opp i seinare mailar.

Knut David Hustveit ynskjer at det at Einar Eimhjellen vart utnemnd til heidersmedlem vert teke inn i årsmeldinga.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga 2020 med dei merknadan som kom.*

## 7. Rekneskap 2020

Dordi la fram rekneskapen for 2020.

Arne Sølvsberg seier koronamidlane berre er inn og så rett ut att, og soleis er ikkje overskotet so stort som det ser ut som. I tillegg spør han om kvifor vi ikkje kan dele ut pengar frå Myklebustfondet. Det er dumt om fondet berre står der og ikkje gjer nytte av seg.

Knut David Hustveit og Dordi Boksasp Lerum svarar.

Arne Sølvsberg seier at vi må sjekke ordentleg opp i det. Vi bør vurdere å styrke fondet – kanskje overskot frå diverse fylkeskappleikar kan gå til fondet?


Antonia Karete Haugen Kongsvik seier at det er ein klausul som seier at ein ikkje kan dele ut ned til ei nedre grense, men hugsar ikkje heilt korleis det var.

Fredrik Hope seier at det står i vedtektene at det alltid skal vere meir enn 100.000 kroner på fondet, og at ein berre kan dele ut 60% av renteinntektene. Undrar om det kanskje kan vere lurt å setje pengane andre stadar enn i banken.

Arne Sølvsberg seier vi bør vurdere å revidere vedtektene til fondet.

Leon Årdal lurar på om vi kan få sjå balansen.

Dordi viste fram balansen.



*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2020, og ber styret samstundes vurdere statuttane for Myklebustfondet.*

## **8. Arbeidsprogram 2021-2024**

Styreleiar Knut David Hustveit la fram saka.

Arne Sølvsberg seier det er vanskeleg å lage ei arbeidsplan med tanke på koronasituasjonen. Ynskjer at vi jobbar for å framleis ha ei arkivstilling i 100% stilling, ikkje 50% slik som det er no.

Fredrik Hope seier at det er viktig at vi jobbar politisk no under koronasituasjonen. Det er viktig at vi jobbar for at kulturplanen til fylkeskommunen har gode tiltak for folkemusikken og folkedansen. Vi må også passe på at vi i Sogn og Fjordane får halde fram med vår gode ordning, slik at han ikkje vert svekkja. Det er ikkje slik at alt må vere likt med Hordaland sjølv om vi no er under same fylkeskommune.


Per Øyvind Tveiten orienterer årsmøtet i Sogn og Fjordane Folkemusikklag om at Hordaland Folkemusikklag skal ha oppe sak om framtidig samhandling mellom områdelaga på deira årsmøtet seinare i dag. Arkivordning er noko som vi er nøydd å sjå på. Vi jobbar allereie mykje saman, og satsar på eit vidare godt samarbeid.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner arbeidsprogrammet for 2021-2024, med merknad om at vi må sjekke opp arkivstillinga i fylkeskommunen.*

## **9. Aktivitetsplan 2021**

Styreleiar Knut David Hustveit la fram saka.

Arne Sølvsberg seier swing kan vere bra, det byrjarar å bli ein gamal dans. Viktigaste er å få ungdommen til å danse.



Dordi Boksasp Lerum kom med ei rekkje redaksjonelle endringsframlegg, og føreslo å ta inn Jeremiasfestialen og UngLåt i aktivitetsplana.

Thomas Hals seier at det lokale korpsmiljøet har hatt gode erfaringar med digitalt ressurspåfyll når ordinær aktivitet har vore stengt ned i høve koronapandemien. Kanskje det kunne gått an å hatt nokre digitale kurs/inspirasjonskveldar dersom ordinær aktivitet ikkje kjem opp og gå igjen på ein stund endå? Er elles samd med Arne Sølvsberg.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet vedtek aktivitetsplana for 2021 med merknadane som kom i møtet.*

## **10. Fastsetjing av kontingent**

Framlegg til vedtak frå styret:

<i>Gruppe</i>	<i>Kontingent</i>
<i>Born og ungdom (tom. 18 år)</i>	<i>40 kr</i>
<i>Vaksne</i>	<i>100 kr</i>
<i>Lag</i>	<i>900 kr</i>

*Styret innstiller på å ikkje endre kontingentsatsane. Slik at born og unge framleis skal betale 40 kroner, vaksne 100 kroner og lag 900 kroner for medlemsskap.*

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til vedtak på kontingentsatsar for 2021.*

## **11. Budsjett 2021**

Dagleg leiar Dordi Boksasp Lerum la fram saka.

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til budsjett.*



## 12. Val

Framlegg til vedtak frå valnemnda:

«Leiar:

Knut David Hustveit (1 år)

Styremedlemmer:

Kirsten Friis (2 år)

Jofrid Årdalsbakke Djupvik (2 år)

Varaar:

1.vara: Marie Nicolaisen (1 år)

2.vara: Dagfrid Vallestad Brevik (1 år)

3.vara: Berner Midthjell (1 år)

Valnemnd:

Aud Sissel Orheim (3 år)»

*Samrøystes vedtak: Årsmøtet vel nytt styre etter framlegg frå valnemnda.*

**Møtet vart heva 14:49**



Dordi Bokasp Lerum

*Referent*

Fredrik Hope

*Protokollunderskrivar, Hyen Spelemannslag*

Thomas Hals

*Protokollunderskrivar, Vindfylla Spelemannslag*